



Program for Vanylven Venstre

for perioden 2015-2019



Vi ynskjer oss:

Liv i alle bygder

- ✓ Gunstige lån/tilskot til førstegongsetablerarar
- ✓ Tilrettelegging for tomteareal der folk vil bu
- ✓ Støtte entreprenørar som vil bygge mindre bueiningar på sentrumsnære tomter
- ✓ Vere i forkant når det gjeld reguleringsarbeid

Breitt engasjement – alle med

- ✓ Politisk påverknad – med bl.a bygdeutval
- ✓ Gje ungdomsrådet tydelegare innverknad

Haldningsskapande tiltak

- ✓ Ein god barndom varer livet ut
- ✓ Fokus på psykisk helse
- ✓ Førbygging - folkehelse

Næringsliv – tilrettelegging i alle bygder

Tryggleik for alle

- ✓ Ambulans-politi-brannvern tilgjengeleg når det trengst

- ✓ Politiet – base i Vanylven

- ✓ Fokus på responstid - alle naudetatar

Betre kommunikasjonar

- ✓ Rovdefjordbrua
- ✓ Årvik-Koparnes - heildøgns-ferje til brua kjem
- ✓ Fv 61 – gul stripe frå Koparnes til Bryggja
- ✓ Trygging av mjuke trafikantar
- ✓ Kollektivtilbod – må på plass

Sikre skulen

- ✓ Satse på læraren
- ✓ Desentralisert skulestruktur

Fokus på betra tenester

- ✓ Kommunesamanslåing eller ikkje
- ✓ Samarbeid må bety vinn-vinn for partane

Vern om landbruket

- ✓ Ta vare på kulturlandskapet og biologisk mangfald
- ✓ Handlingsrom og økonomisk



tryggleik for bonden

- ✓ Fokus på matproduksjon

Kultursatsing

- ✓ Gratis halleige for born under 18 år
- ✓ Behalde kommunalt engasjement i viktige arrangement
- ✓ MOT-satsing
- ✓ Engasjer ungdomen - ein sunn ungdom gir sunne vaksne
- ✓ Få kulturlivet i auka grad inn på institusjonane - felles glede, auka livskvalitet

Vanylven som reiselivskommune

- ✓ Stimulere dei som satsar
- ✓ Bidra til utvikling
- ✓ Delta i samarbeid

**Vi må framheve
Vanylven sine
positive sider**

Skule

- og oppvekst

Barnehagen og skulen formar framtida vår. Det må vi ha fokus på i all tilrettelegging for born og unge.

Vanylven Venstre ynskjer å behalde skulestrukturen slik den er i dag. Vi ynskjer desentralisert skulestruktur, og vil kjempe for det så lenge det er mogleg. Skule i nærområdet er ein viktig faktor med tanke på tilflytting, og for å hindre fråflytting. Tenk tidleg innsats, god barnehagedekning og god lærarkompetanse i barnehage og skule. Vi ynskjer å bidra til å behalde det vidaregåande skuletilbodet i Vanylven.

Venstre vil:

- ✓ Behalde ungdomsskulen både i Syvde og på Åheim
- ✓ Utvide symjetilbodet ved skulane i Vanylven
- ✓ Stå på for å bevare Vanylven Vidaregåande skule
- ✓ Jobbe for at alle som treng det får plass i barnehagen
- ✓ Ha fleire yrkesgrupper inn i skule og barnehage - slik at born som treng det får hjelp der dei er
- ✓ Styrke helsesøstertenesta i skule og barnehage
- ✓ Støtte vidare satsing på MOT

Miljø

Venstre ynskjer at vi tenkjer miljøvennleg. Vi startar med oss sjølve, med von om auka fokus på miljø på verdsbasis.

Venstre ynskjer auka satsing på kollektivtransport. Om vanylvingane ynskjer å reise kollektivt, er det i dag svært avgrensa med moglegheiter. Difor ynskjer vi å jobbe for betre kommunikasjon i alle retningar, slik at dei som ynskjer å reise kollektivt, har høve til det.

Vi må verne om naturen, miljøet og ressursane våre for å sikre ei rein framtid. Sjølv i vesle Vanylven kan vi drive påverknad for å hindre at det vert oljeboring i Vesterålen, Senja og i Lofoten.

Vi ynskjer at forskinga på miljøgevinstantane med olivinsteinen held fram, og meiner det er viktig at vi i Vanylven engasjerer oss i utnytting av eigne naturressursar.

Venstre vil:

- ✓ Ha kollektivtransport som eit reelt val i Vanylven
- ✓ Påverke sentrale styresmakter for å hindre oljeboring i Vesterålen, Senja og i Lofoten
- ✓ Støtte forskning på lokale naturressursar som kan gje store miljøgevinstar

Velferd

Vis varme

Vanylven kommune må kunne tilby avlastning til familiar med omsorg for funksjonshemma born og vaksne, for pleietrengande eldre og til heimar der rusmisbruk er ein del av kvardagen. Ei god helsesøsterteneste og godt tilbod innan psykisk helse må satsast på.

Vi er imot eige-domsskatt, men vel heller dette framfor å legge ned eller redusere sterkt på viktige område, som t.d. skule og helsetenester.

Venstre ynskjer å få på plass ei eldrekontakt. Mange treng hjelp grunna dei store endringane i samfunnet, og det å ha ein kontaktperson for eldre kan gjere kvardagen enklare for mange. Ved å tilby hjelp med små utfordringar i kvardagen kan fleire bu heime lenger. Vi ynskjer å oppretthalde – og styrke dei omsorgsbustadane vi har i kommunen i dag. Det må settast av midlar frå leigeinntektene av kommunale eigedomar til vedlikehald.

Venstre vil:

- ✓ Gje avlastning til familiar som treng det
- ✓ Ha satsing på psykisk helse
- ✓ Etablere ei eldrekontakt

Verdiskaping

Vi må støtte dei bedriftene som har framtida føre seg, og dei arbeidsplassane som enno ikkje er skapt.

Venstre vil gjere det enklare å starte og drive si eiga bedrift. Vi vil ha gode vilkår for alle bedrifter, og vi er særskilt opptekne av gründarar og sjølvstendig næringsdrivande.

Vi må ha trykk på reguleringsplanarbeidet i komande periode. Vi bør satse på turisme, også med tanke på utnytting av fordelar i høve Stad Skipstunnel.

Venstre vil:

- ✓ Styrke ordningar som aukar tilgangen til risikokapital for gründarar og nye bedrifter
- ✓ Satse meir på næringsretta forskning og kunnskapsutvikling i bedriftene.
- ✓ Prioritere reguleringsplanarbeid

Dette står vi for:

Celine Endal

Skuleelev, tidl. leiar i Ungdomsrådet
"Ta ungdomen med på råd"

Annlaug Lianes

Pensjonist
"God kommunikasjon nordover"

Perdis Skarmyr

Koordinator psykisk helse
"God hjelp og støtte til dei som
treng det i kvardagen"

Kjell Arne Myklebust

Kranfører/Dekksformann
"Vi må støtte kulturskulen og eld-
sjelene som sørgjer for aktivitet for
barn og unge"

Vidar Solheim

Byggeleiar i Statens Vegvesen
"Eg brenn for å behalde ung-
domsskule både i Syvde og på
Åheim"

Ellen Stoltz

Adjunkt Åheim skule
"Gje lærarar rett og plikt til vid-
areutdanning"

August Vonheim

Pensjonist
"Arbeid for alle - Trivsel - Miljø -
Energi"

Marte Myklebust

Rådgjevar, Åheim skule
"Vil arbeide for å stoppe klimaen-
dringane, for å ta vare på mang-
faldet i naturen og for å gjere det
enklare å leve miljøvennleg"

Lars Andreas Ervik

Myklebust

Lektorstudent ved UiB
"Gjer heimkommunen til fyrstevalet
for unge i etableringsfasen"

Ester Sørdal Klungre

Skuleleiar vidaregåande skule
"Vi har ein svært god skule med
gode og flinke lærarar, seier dei -
og det vil vere svært uheldig om
han skulle bli borte."

Ragnhild Eidsaa

Pensjonist
"Vil jobbe for å få hovudvegen
utanom Eidså sentrum"

Bjørnar Magne Berge

Automatikar Sibelco
"Vi treng fleire kvinnearbeids-
plassar"

Arne Geir Øyra

Maskinsjef i Norled
"God samferdsel til alle"



Di stemme tel, fordi:

Di stemme avgjer kven som får sitte i kommunestyret for Vanylven dei neste fire åra, og kven som får ta over ordførarkjedet.

Ved å bruke Venstre si liste ved lokalvalet i september gir du di røyst til sakene vi brenn for. Vi får representantar inn i kommunestyret ut frå kor mange som nyttar vår liste.

Rekkefølga på representantane bestemmer du ved å kumulere dei som du ynskjer høgre opp på lista. Kumulere gjer du når du set eit kryss føre namnet til den/dei du ynskjer å støtte. Det er ikkje høve til å stryke namn frå lista, men du kan kumulere så mange

du vil. Kumuler gjerne også ordførarkandidaten vår, sjølv om ho er førehandskumulert. Ei kumulering er ei personstemme, som er viktig når det skal teljast opp kven som får sitte i kommunestyret. Dei representantane som har flest personstemmer kjem høgst opp på lista, og får med det auka sjanse til kommunestyreplass.

Di røyst avgjer:

- ✓ Kven som får sitte i kommunestyret
- ✓ Om våre saker får gjennomslag dei komande fire åra
- ✓ Om Venstre får ordførarvervet

Venstre sine kandidatar i Vanylven



1. Lena Marie Landsverk Sande (f. 1969)
Ordførarkandidat, Åheim
"Det er saman vi finn dei gode løysingane"




2. Leon Stranden (f. 1966)
Driftsteknikar, Syvde
"Viktig å stimulere til å bygge utleigebustadar til førstegongsetablerer"



3. Svein Sandvik (f. 1956)
Elektroingeniør, Fiskå
"Fokusør på god kommunikasjon over Rovdefjorden"



4. Heidi Knardal (f. 1969)
Lærer, Rovde
"Det er viktig med godt samarbeid mellom politiet, barnevernet og skulen"



5. Knut Ingvald Bøstrand (f. 1977)
Hydraulikkingeniør, Åheim
"Eg brenn for meir rettferdig og lik fordeling bygdene imellom"

- 6. Monika Skår**
(f. 1968), Syvde
- 7. Arne Geir Øyra**
(f. 1964), Eidså
- 8. Marte Myklebust**
(f. 1977), Sylte
- 9. Bjørnar Magne Berge**
(f. 1975), Syvde
- 10. Anlaug Lianes**
(f. 1952), Fiskå
- 11. Ellen Stoltz**
(f. 1967), Fiskå
- 12. Ragnhild Eidsaa**
(f. 1951), Eidså
- 13. Ester Sørdal Klungre**
(f. 1961), Syvde
- 14. Celine Constance Endal**
(f. 1996), Åheim
- 15. Svein Vedeld**
(f. 1949), Rovde
- 16. Vidar Solheim**
(f. 1980), Åheim
- 17. Petter Krokvik**
(f. 1963), Fiskå
- 18. Kjell Arne Myklebust**
(f. 1968), Syvde
- 19. Beate Stranden**
(f. 1978), Fiskå
- 20. Lars Andreas Ervik Myklebust**
(f. 1993), Syvde
- 21. Perdis Skarmyr**
(f. 1958), Åram
- 22. August Vonheim**
(f. 1942), Fiskå

Les meir om vår politikk på våre nettsider.

venstre.no/vanylven



VENSTRE